



Arkivnr: 2015/11453-85  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		05.05.2017

## Tilbudsstruktur for Fagskolane i Hordaland skuleåret 2017/18

### Samandrag

I november 2016 handsama fagskulestyret sak om mellombels tilbudsstruktur for skuleåret 2017/18 som la føringar for kva tilbod skulane kunne lysa ut. Søknadsfrist for hausten 2017 gjekk ut 15. april, og basert på søkjartala vert det med dette lagt fram forslag til endeleg tilbudsstruktur for 2017/18.

### Forslag til vedtak

1. Tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2017/18 vert vedteken slik det kjem fram av saka.
2. Hordaland helsefagskole kan starta opp tilbod innan «Psykisk helsearbeid og rusarbeid» og «Spesialreinhold og sterilforsyning» hausten 2017.

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 20.04.2017

I november 2016 handsama fagskulestyret sak om mellombels tilbodsstruktur for skuleåret 2017/18 som la føringar for kva tilbod skulane kunne lysa ut. Søknadsfrist for hausten 2017 gjekk ut 15. april, og basert på søkjartala vert det med dette lagt fram forslag til endeleg tilbodsstruktur for 2017/18. Søkjartala er ikkje endelege av di det fortsatt vert arbeidd med poengberekning og av di det fortsatt kan koma søkjarar til restplassane.

Hordaland fylkeskommune har fastsett ei ramme på 92,9 mill. til fagskule i budsjettet for 2017. Av denne ramma er det trekt ut 1,2 mill. til Hordaland helsefagskole i 2017 jfr tidlegare vedtak i fagskulestyret. Vidare er det sett av om lag 2,4 mill. til fagskuleadministrasjon og fellesutgifter, og det er trekt ut 2 mill. til husleige på Nedre Nygård (Bergen maritime). Basert på dette er ramma til fordeling på tilbodsstruktur på om lag 87,3 mill. og studentsatsen er sett til 92 500,-. Hordaland fylkeskommune fekk om lag 78,3 mill. i rammeoverføringar frå staten i 2017. Dette er 2 mill. mindre enn i 2016, og årsaka til det er ein nedgang i studenttalet i 2015. På bakgrunn av dette gjev Hordaland fylkeskommune om lag 14,5 mill. meir til ramma i 2017 enn det som vert gjeve i rammeoverføring frå staten.

Utval for opplæring og helse (OPHE) handsama sak om fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helsefag 19. april. Hordaland helsefagskole vart gjeve tilskot til to nye klassar med totalt 38 studentar hausten 2017. Det vil seie tilskot til inntil 19 studentar per klasse med ein sats på kr 80 200,-. Tilskotet er gjeve til tilboda «Psykisk helsearbeid og rusarbeid» og «Spesialreinhald og sterilforsyning», men styret har høve til å endra kva tilbod som vert starta opp basert på søkjartala (sjå vedlagt protokoll).

## Tilbodsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2017/18

642	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student-tal 1. år	Heilårsekvivalenter 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Merknad	Budsjett
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	0,67	35,00	23,33	-	20,67	16,00	60,00	40,00	-5		5 550 000,00
	<b>KEM /Tak og fasade FTB03N</b>	0,67	-	-	-	-	-	-	0,00	0	Ikkje oppretta	-
	Bygg FTB01H	1,00	35,00	35,00	24,00	-	-	59,00	44,00	-9		5 457 500,00
	Bygg FTB01N	0,67	40,00	26,67	-	21,33	16,00	64,00	56,00	-16		5 920 000,00
	Automatisering FTE01H	1,00	30,00	30,00	28,00	-	-	58,00	49,00	-19		5 365 000,00
	Automatisering FTE01N	0,67	30,00	20,10	-	10,72	12,06	42,88	34,00	-4		3 966 400,00
	Elkraft FTE03H	1,00	60,00	60,00	28,00	-	-	88,00	91,00	-31		8 140 000,00
	Elkraft FTE03N	0,67	30,00	20,10	-	26,80	22,78	69,68	102,00	-72		6 445 400,00
	Maskinteknikk FTT04H	1,00	30,00	30,00	31,00	-	-	61,00	79,00	-49		5 642 500,00
	Maskinteknikk FTT04N	0,67	32,00	21,44	-	18,09	-	39,53	35,00	-3		3 656 525,00
	<b>Maskinteknikk med ISO FTT11N</b>	0,67	-	-	-	-	12,73	12,73	0,00	0	Ikkje oppretta	1 177 525,00
	<b>Prosessteknikk FTK01H</b>	1,00	-	-	-	-	-	-	0,00	0	Ikkje oppretta	-
	Prosessteknikk FTK01N	0,67	35,00	23,45	-	15,41	12,06	50,92	43,00	-8		4 710 100,00
Stord	Maskinteknikk FTT04H	1,00	20,00	20,00	-	-	-	20,00	0,00	0		1 850 000,00
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	1,00	30,00	30,00	31,00	-	-	61,00	45,00	-15,00		5 642 500,00
	Dekksoffiser FTM01H	1,00	30,00	30,00	26,00	-	-	56,00	71,00	-41,00		5 180 000,00
	Boring FTP01H	1,00	30,00	30,00	27,00	-	-	57,00	23,00	7,00	Ein klasse	5 272 500,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1,00	15,00	15,00	10,00	-	-	25,00	9,00	6,00		2 312 500,00
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	1,00	30,00	30,00	26,00	-	-	56,00	24,00	6,00		5 180 000,00
Hjeltnes	Arborist FPS01D	0,50	-	-	-	9,00	-	9,00	0,00	0	Lagt inn m 18	832 500,00
Voss	Anlegg FTB02H	1,00	-	-	21,00	-	-	21,00	0,00	0	Ikkje oppretta	1 942 500,00
	Anlegg FTB02N	0,67	30,00	20,10	-	-	12,73	32,83	33,00	-3		3 036 775,00
Fus/Aust.	Akvakultur FPH01N	0,67	-	-	-	-	-	-	0,00	0	Ikkje oppretta	-
	<b>Totalt</b>		<b>542,00</b>	<b>465,19</b>	<b>252,00</b>	<b>122,02</b>	<b>104,36</b>	<b>943,57</b>	<b>778,00</b>	<b>-256,00</b>		<b>87 280 225,00</b>

Tabellen oversyner at det var nesten 780 søkjarar til Fagskolen i Hordaland denne våren, og dette er om lag 100 fleire søkjarar enn i 2016. Likevel er det nokre tilbod som har fått lågare søkjartal enn før, slik som petroleumsutdanningane. Det er ikkje føreslått store endringar i høve til mellombels tilbodsstruktur som vart vedtatt av styret i november 2016. Alle tilboda som vart vedteke lyst ut, er føreslått starta opp hausten 2017, men det er gjort forslag til justering av studenttalet ved nokre tilbod som har mange eller få søkjarar.

### Boring og Havbunnsinstallasjoner

Tabellen over syner at det er 23 kvalifiserte søkjarar til Boring og 9 søkjarar til Havbunnsinstallasjoner. På bakgrunn av dette vert det føreslått å opprette ein full klasse innan Boring og ein klasse med tilskot til 15 studentar ved havbunnslina. Desse tilboda er like det fyrste studieåret, og kan derfor vere éin klasse på om

lag 45 studentar fyrste året, og kan så delast i to klassar andre året når dei ulike fordjupingane startar. Opphavelag var det vedtatt å starta ein klasse på 40 studentar innan Boring og 30 ved havbunnslina, men dette er det ikkje grunnlag for.

#### Dekksoffiser

Tabellen syner at det er vel 70 søkjarar til Dekksoffiser i Bergen, medan det er berre 24 søkjarar til Austevoll. Likevel er det føreslått å starta opp ein full klasse på 30 studentar i Austevoll, fordi 26 av søkjarane i Bergen har søkt studiestad Austevoll som andre prioritet.

#### Andre justeringar

Fordi talet på studentar ved petroleumstilboda er reduserte, og fordi det har vore noko fråfall mellom haust- og vårsemesteret i skuleåret 2016/17, er det føreslått auka klassetal ved tilboda Bygg, Anlegg, Prosessteknikk og KEM. Desse tilboda har gode søkjartal, og det er derfor rom for å auke talet på studentar som vert tekne inn hausten 2017.

#### **Tilbodsstruktur for Hordaland helsefagskole 2017/18**

Ved Hordaland helsefagskole var det følgjande søkjartal våren 2017:

UTD.KODE	UTDANNING	TOT	1.PRIO		2.-3.PRIO
		SØKN	KVALI	U KVALI	
FHH04D	REHABILITERING	14	4	5	5
FHH12D	HELSE-ALDRING	32	5	15	12
FHH14D	PSYKISK /RUS	37	24	9	6
FHH10D	STERIL STAD	29	10	16	3
FHH10N	STERIL NETT	14	7	3	4
Sum		126	50	48	30

Totalt er det gode søkjartal ved skulen, men det er dessverre ein del ukvalifiserte søkjarar. Det er også mogleg at det kjem fleire søkjarar fram mot skulestart til hausten. Basert på oversikta over kvalifiserte søkjarar med Hordaland helsefagskole som første prioritet ser det ut til at det kan verte starta opp ein klasse innan «Psykisk helsearbeid og rusarbeid» og «Spesialreinhald og sterilforsyning». Av dei som har søkt sistnemnde, er det nokre av søkjarane til nett-tilbodet som bur i Bergen, og som kan overførast til stad-tilbodet.

Som nemnt tidlegare, er det vedteke i OPHE å gje tilskot til to klassar med inntil 19 studentar i kvar hausten 2017, og basert på tilskotsfordelinga og søkjartala vert følgjande tilbodsstruktur føreslått for Hordaland helsefagskole i 2017/18:

Namn på utdanningstilbod	2017/18	
	1. års	2. års
	studentar	studentar
Psykisk helsearbeid		22
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	25	
Rehabilitering		12
Spesialreinhald og sterilforsyning	25	
<b>Sum</b>	<b>50</b>	<b>34</b>

Sjølv om det ikkje vert gjeve tilskot til meir enn 19 studentar per klasse, vil administrasjonen tilrå å ta inn fleire studentar for å sikra seg mot fråfall.